



## Forslag til lokal forskrift – skulereglar og skuledemokrati for grunnskulane i Høyanger kommune

### Innhald

Heimel.....	2
§ 1 Formål.....	2
§ 2 Verkeområde .....	2
§ 3 Det beste for eleven.....	3
§ 4 Medverknad .....	3
§ 5 Skulereglar og organisering av skuledemokrati.....	3
§ 6 Mobiltelefonar og smartklokker .....	4
§ 7 Orden.....	4
§ 8 Oppførsel .....	4
§ 9 Grunnlaget for vurdering i orden og oppførsel.....	5
§ 10 Tiltak ved brot på skulereglane.....	5
§ 11 Framgangsmåte ved bruk av tiltak etter § 10 .....	6
§ 12 Turar i regi av skulen.....	6
§ 13 Iverksetjing.....	7

# Heimel

Fastsett i Høyanger kommunestyre 24. oktober 2024, med heimel i lov 9. juni 2023 nr 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), § 10-4 og § 10-5, § 10-6 og § 10-7.

## § 1 Formål

Alle elevar i Høyanger kommune skal oppleve eit trygt, inkluderande og godt skulemiljø som fremjar helse, læring og trivsel (opplæringslova § 12-2). Skulereglane skal bidra til eit føreseieleg og godt læringsmiljø for både elevar og tilsette ved den enkelte skule.

Skulen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skulereglar (opplæringslova § 10-4).

## § 2 Verkeområde

Skulereglane omfattar alle grunnskulane i Høyanger kommune.

Skulereglane gjeld også for vaksenopplæring så langt det passar.

Skulereglane gjeld når skulen har ansvar for elevane. Det gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal, også når elevane har undervisning utanfor skulen sitt område som kan vere

- a. leirskule
- b. skuleturar
- c. skulevegen
- d. skulearrangement utanfor skuletid

Skulereglane gjeld også ved bruk av skulen sin digitale infrastruktur, også utanfor skulen.

Den enkelte skule kan i tillegg til denne lokale forskrifta utforme lokale reglar som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Rektor skal sørge for at elevar, foreldre og skulen sine tilsette er kjende med både forskrifta og eventuelle lokale reglar ved starten av kvart skuleår. Eventuelle lokale reglar ved skulen vil vere del av kommunal forskrift om skulereglar.

Skulereglane kan også bli gjort gjeldande på tidspunkt når skulen ikkje har ansvaret for elevane, dersom oppførselen til elevane har tilstrekkeleg tilknytning til skulen. Forskrifta gjeld i tillegg for SFO og leksehjelp. SFO har eiga forskrift som inneheld meir detaljerte reglar for dette.

### § 3 Det beste for eleven

Kva som er best for eleven skal vera eit grunnleggjande omsyn i alle saker som vert handsama hos skulen.

### § 4 Medverknad

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve, og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Det skal leggast vekt på meiningane deira etter alder og modning (opplæringslova § 10-2).

### § 5 Skulereglar og organisering av skuledemokrati

Skulen skal sørge for at alle elevar og foreldre skal få vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen. Det gjeld mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skulereglar. Skulen skal oppmuntre til og hjelpe elevane med deltaking i skuledemokratiet. (opplæringslova § 10-4).

Kvar skule skal ha elevråd, som er valt av elevane. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte (opplæringslova § 10-5). Elevar skal vere representerte i organ ved grunnskulane.

Kvar skule skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skulen (FAU). Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar (opplæringslova § 10-5).

Ved kvar grunnskule skal det vere eit samarbeids- og skulemiljøutval (SU og SMU) som har rett til å uttale seg om skulereglar, forskrift om skulefritidsordning og lokale reglar. Samarbeidsutvalet har ikkje mynde til å ta avgjerder, men er eit rådgjevande organ som har rett til å drøfte og uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Utvalet skal medverke til at elevar, foreldre og tilsette ved skulen arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt læringsmiljø for alle ved skulen. Samarbeidsutvalet skal vera samansett av elevar, føresette, tilsette, rektor og medlem nemnt opp av kommunestyret. Rektor er sekretær for samarbeidsutvalet. Elevane skal ikkje delta i handsaming av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt. SU/SMU konstituerer seg sjølv.

#### **Utvalet skal vere representert slik:**

- To representantar frå elevråd.
- To representantar frå foreldregruppa.
- To representantar frå undervisningspersonalet.
- Ein representant frå andre tilsette.
- To representantar frå kommunen, der den eine skal vere skulen sin rektor, medan den andre er nemnt opp av kommunestyret.

## § 6 Mobiltelefonar og smartklokker

Skulane i Høyanger kommune skal vere mobilfrie, og ved kvar skule skal det utarbeidast lokale reglar om oppbevaring av mobiltelefonar i skuletida. Smartklokker er likestilt med mobiltelefon.

Mobiltelefonar kan nyttast pedagogisk i opplæringa etter avtale med skulen sine tilsette. Mobiltelefonar kan etter avtale nyttast av enkeltelevar, dersom mobiltelefonen vert vurdert som viktig for eleven. Dette kan til dømes vere elevar som treng mobiltelefonen for å kunne ha ein trygg og føreseieleg skulekvardag.

## § 7 Orden

**Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:**

- Ha med bøker og anna nødvendig utsyr til opplæringa.
- Gjere ferdig skulearbeid innan fastsette tidsfristar.
- Møte presis til opplæringa og avtalar.
- Ta vare på og halde orden i utstyr som vert nytta i opplæringa.
- Bidra til halde inne –og uteområda fri for søppel, samt kjeldesortere avfall.

## § 8 Oppførsel

**Elevane skal ha god oppførsel. Det er god oppførsel å:**

- Delta og vere aktiv i opplæringa.
- Bidra aktivt til å skape eit positivt og inkluderande skulemiljø.
- Vise respekt og omsyn for medelevar og tilsette.
- Bidra til arbeidsro i opplæringa.
- Følgje beskjedar du får frå skulen sine tilsette.
- Følgje skulen sine retningslinjer for bruk av digitale løysingar.
- Behandle undervisningsmateriell, bøker, utstyr og inventar inne og ute på ein varsam og forsvarleg måte.

**Oppførsel som ikkje vert akseptert er:**

- Utsetje andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, trakassering, rasisme, vald/truslar om vald eller utestenging.
- Å ta med eller bruke gjenstandar som kan skade personar, bygningar eller inventar
- Juks, plagiat eller uregelmessig bruk av KI (kunstig intelligens) ved prøver eller i anna skulearbeid
- Å utøve hærverk på skulen eller andre sin eigedom/eigendelar.

- Bruke plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet.
- Å ta med eller bruke sigarettar, snus, e-sigarettar, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.
- Å ta eller dele bilete, film eller lydopptak utan at det er gitt samtykke på førehand.

## § 9 Grunnlaget for vurdering i orden og oppførsel

Korleis eleven opptrer i samsvar med §§ 7 og 8 i denne forskrifta, og eventuelle lokale skulereglar, vil vere grunnlaget for vurdering i orden og oppførsel. Kompetanse i fag skal ikkje trekkjast inn i vurderinga.

Ved vurdering i orden og oppførsel gjeld § 9-2 i sentral forskrift til opplæringslova.

## § 10 Tiltak ved brot på skulereglane

- a. Merknad: Skulen sine tilsette kan gi munnleg eller skriftleg merknad.
- b. Kontakte foreldre/føresette: Skulen kan kontakte foreldre/føresette via telefon eller ved å melde skriftleg via Visma Flyt Skole.
- c. Inndraging av gjenstandar: Gjenstandar som uroar arbeidsro og opplæring kan mellombels inndragast frå eleven.
  - Kor lenge gjenstandane skal vere inndregne må vurderast ut i frå alvorgrad og om det er snakk om eit gjentakande problem.
  - Gjenstandar som mellombels er inndregne frå elevar, skal leverast attende seinast innan skuledagen sin slutt.
  - Dersom sigarettar og snus er inndregne, skal dette hentast av foreldre/føresette.
  - Ulovlege gjenstandar og rusmiddel, som til dømes våpen, våpenliknande gjenstandar og narkotika vert levert til politiet.
- d. Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid, evt. I friminutt, for å rette opp skadar eller tilhøve eleven er ansvarleg for.
- e. Skulen kan ta frå eleven sine tillitsverv.
- f. Bortvising (jf. opplæringslova § 13-1):
  - Elevar på 1.-7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av skuledagen. Foreldra til eleven skal få melding før ein elev på 1.-7. trinn vert vist bort for resten av dagen. Skulen kan ikkje setje i verk bortvising utan at det vert organisert tilsyn for eleven, eller at eleven vert henta av foreldre/føresette.
  - Elevar på 8.-10. trinn kan visast bort i inntil tre dagar. Foreldra/føresette skal få melding.

- Elevar kan visast bort frå tur eller arrangement i skulen sin regi.
  - Det er rektor som vedtek at ein elev skal visast vekk. Rektor kan delegere mynde til lærar å vise bort elev frå ei opplæringsøkt som lærar sjølv har ansvar for. Ein lærar kan vise bort berre frå ei opplæringsøkt, avgrensa inntil to klokketimar.
  - Bortvising skal berre brukast ved alvorlege eller gjentekne regelbrot på skulereglane. Dette gjeld uavhengig av lengda på bortvisinga. Før ein nyttar bortvising, skal andre tiltak vere vurdert.
  - Bortvising for ein dag eller meir vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.
- g. Pålagt skulebyte (jf. opplæringslova § 13-2) : Kommunen kan gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule, dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Det er skuleeigar som har mynde til gjere slikt vedtak.
- h. Erstatning: Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr, kan eleven og eleven sine foreldre/føresette verte erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2. Eleven kan få høve til å utbetre skaden sjølv, dersom dette er vurdert til å vere tenleg. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

## § 11 Framgangsmåte ved bruk av tiltak etter § 10

Eleven har rett til å verte høyrte før det blir teke avgjerd om tiltak (jf. opplæringslova § 10-2).

Alle tiltak ved brot på reglane skal vere av ein slik art at eleven forstår kva reglar som er brotne, og kvifor skulen må reagere på dette.

I vurderinga av tiltak skal regelbrot og tiltak sjåast i ein samanheng. Det skal leggast vekt på eleven sin alder, føresetnader og vilje til å rette opp i regelbrotet.

Det skal ikkje skje kollektive reaksjonar på regelbrot. Fysisk refs eller krenkande behandling av elevar ved brot på reglar er ikkje lov.

## § 12 Turar i regi av skulen

### **Eleven skal:**

- a. Representere seg sjølv, familie, skulen og bygda vår.
- b. Følgje kommunen sine skulereglar under turen.

- c. Følgje instruksar og meldingar frå reiseleiar, lærarar og foreldre.
- d. Delta i det oppsette programmet, og møte opp i god tid til avtalar.
- e. Skal syne respekt og vere roleg på stader vi besøker.
- f. På hotell og ferjer:
  - Gjere seg kjend med naudutgangane.
  - Vere stille på rommet og i gangane etter avtalt tid slik at andre får sove.
  - Halde orden på rommet sitt, slik at personalet får gjort reint.
  - Vere ansvarleg for verdisakene sine, og sjekkar at ikkje noko blir gløymt.
  - Aldri ta med utanforståande inn på hotellet.
- g. Ikkje bruke alkohol, andre rusmiddel eller energidrikk på turen.
- h. Aldri gå ut åleine utan avtale med lærar.
- i. Følgje norsk regelverk og anbefalingar for kosmetiske endringar.
- j. Følgje norske tollreglar. Bagasje kan bli sjekka av tollvesen.
- k. Fotografering/publisering av bilete av andre skal alltid godkjennast av dei som er avbilda.
- l. Brot på desse reglane og/eller anna klanderverdig oppførsel, kan føre til nedsett karakter i orden og/eller oppførsel.

## § 13 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. november 2024.